



MASFJORDEN KOMMUNE
Austfjordvegen 2724
5981 MASFJORDNES

Saksbehandlar, innvalstelefon

Hege Brekke Hellesøe, 5557 2352

Uttale til dispensasjon - Masfjorden - lokalitet Vikane - endra plassering av forflåte

Vi viser til brev frå kommunen datert 20.09.2023. Saka gjeld søknad om dispensasjon frå planformål i arealdelen av kommuneplanen, for plassering av forflåte til akvakulturanlegg på lokalitet 13704, Vikane i Austfjorden i Masfjorden kommune.

Statsforvaltaren si vurdering

Kommunen kan berre dispensere dersom omsynet bak føresegna det vert dispensert frå, omsyn til plan- og bygningslova sine formål eller nasjonale eller regionale interesser, ikkje vert vesentleg tilsidesette. I tillegg må fordelane ved å gi dispensasjon vere klart større enn ulempene, jf. plan- og bygningslova (pbl.) § 19-2 andre ledd.

Det har som kjent i lengre tid vore arbeid med ein ny interkommunalplan for sjøareala i Nordhordland. Denne har no vore mekla om, og det er semje om dei delane som omfattar Masfjorden kommune. Masfjorden kommune kan no vedta denne planen i samsvar med meklingsresultatet.

Arealet som ein ønskjer å flytte til, vil i interkommunalplan for sjø i Nordhordland ha formål akvakultur, og tiltaket vil vere i samsvar med formålet i ny plan. Tiltaket vil likevel ikkje vere i samsvar med ny plan, fordi det er sett eit rekkjefølgjekrav om at drift på lokaliteten Vikane (AKV-05) i Austfjorden ikkje kan takast i bruk, før drifta på lokaliteten Rekeviki i Alver er avslutta og sletta frå akvakulturregisteret. Vidare må lokalitetar som ikkje er i bruk, Øverås, Nesbø og Likulten vere sletta som lokalitetar frå akvakulturregisteret (føresegn 3.1.9 c) i. c. 1). Slik vi forstår søknad om dispensasjon har ein ikkje tenkt å følge opp dette kravet.

Utviding av arealet Vikane vart frårådd i konsekvensutgreiinga til interkommunal plan. Det var likevel vurdert og konkludert med at om ein avslutta drift på lokalitetar i nærleiken, så kunne ein legge opp til ein større lokalitet for å etablere eit meir moderne anlegg. For å sikre dette, vert dei andre areala tatt ut av interkommunal plan og det vart sett rekkefølgjekrav om omstrukturering, før arealet på Vikane kan takast i bruk. Omstruktureringa var eit viktig premis for arealet i interkommunal plan.

Arbeid med interkommunal plan for sjøareala i Nordhordland har vore igjennom ein lang prosess, med omfattande medverknad. Vi vurderer det som svært uheldig og gje dispensasjon for tiltak som verken er i samsvar med gjeldande plan eller kommande plan.

Statsforvaltaren rår ifrå ein dispensasjon frå gjeldande plan,- slik det er søkt om. Vi vil ikkje ha merknadar til ein dispensasjon som er i samsvar med både kart og føresegner i interkommunal plan for sjø i Nordhordland.



Med helsing

Egil Hauge
seksjonsleiar

Hege Brekke Hellesøe
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:
Vestland fylkeskommune

Postboks 7900

5020

BERGEN